

## Legat til beste for verdig trengjande

### STATUTTAR

for

## Legat til beste for verdig trengjande

(her skal berre inngå legat godkjent av fylkesmannen og der samanslåinga er blitt godtatt eller ikkje er blitt påklaga av styrerepresentantar/familiemedlemer)

### §1

Legatet er oppretta ved ei samanslåing av følgjande legat:

#### LEGATETS NAMN

#### FORMÅL

Guro og Ola O. Narums legat for innbyggjarar i Gol	Til beste for vanføre, blinde, døde og tuberkuløse, gamle utslitte menneske som vil bu heime, samt eldre som har det vanskeleg økonomisk mellom 55 år og trygdealderen.
Kari O. og Per O. Kinnebergs legat for innbyggjarar i Gol	Til hjelp for kvinner og menn mellom 60 år og trygdealderen som har vanskeleg for å forsørge seg, samt til ungdom som vil ta kristen utdanning på evangelisk-luthersk grunn. Legatet blir foreslått delt.
De amerikanske golingers legat	Til beste for verdig trengjande i Gol kommune.
Håvel O. Storlas legat	Til beste for verdig trengjande i Gol kommune som ikkje har hjelp frå det alminnelege fattigvesen.
Ole P. Golbergs legat	Til beste for verdig trengjande i Gol kommune som ikkje har hjelp fra det alminnelege fattigvesen.
Thore Eriksen og hustrus legat	Til beste for verdig trengjande i Gol kommune som ikkje har hjelp fra det alminnelege fattigvesen.

Hermund Teigen og hustrus legat	Til beste for verdig trengjande i Gol kommune som ikkje har hjelp fra det alminnelege fattigvesen.
Ole Viddens legat	Gåvebrev til fordel for sjuke trengjande i Gol.
Ole J. Kårmo,s legat	Til fordel for dei mest trengjande i Rotneims skolekrins.
Halvor Rudningens gåve	Gåvefond som vart oppretta som legat. Ingen statuttar.

## §2

Legata sin samla grunnkapital er pr. 01.01.02 kr. 250.008,53. Legata sin samla kapital pr. 01.01.02 er kr. 836.798,01. Denne kapitalen utgjer legatets nye grunnkapital og skal vere urørleg. Ein tiendepart av kapitalavkastninga blir tillagd kapitalen kvart år.

## §3

Gol formannskap er styre for legatet som skal forvaltast i samsvar med reglar som gjeld for offentleg stadfesta legat. Styret består av 7 personer.

## §4

9/10 av legatets årlege renteavkastning skal delast ut til økonomisk vanskelegstilte vaksne personar i Gol kommune, fortrinnsvis eldre og/eller sjuke, som treng støtte og hjelp. Som vegleiiing for styret skal det ha for auga statuttane for det enkelte legat som nå blir slått saman. Utdelinga skal ikkje erstatte offentlege ytingar.

Dei prioriteringar som er bestemt i dei opprinnelege statuttane skal framleis oppretthaldast, dog slik at desse ikkje må stride mot lov 9.juni 1978 nr. 45 om likestilling mellom kjønna. Storleiken på legatporsjonane blir fastsett av styret etter skjønn, og delast ut ein gong i året. Blir nokon del av avkastninga ikkje disponert, kan det attverande anten leggjast til kapitalen eller delast ut i seinare år.

## §5

Det skal søkjast om offentleg stadfesting av legatet og statuttane. Legatet og legatrekneskapen skal vere undergitt den kontroll og revisjon som til ei kvar tid gjeld for offentlege stiftingar og legat.

## §6

Ny tildeling av legatmidlar skjer ein gong kvart kalenderår. Kunngjering av søknadsfrist skjer gjennom lokalavisa.

Vedtektene er revidert etter vedtak i legatstyret den 9.juni 2016.